

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 og 8

Fylke: Møre.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Haram.

Emne: Skav nr. 7, beit og ~~brom~~ nr⁸ Bygdelag: Skuløy.

Oppskr. av: Karl Røgne

Gard: Røgne.

(adresse): Longva paa Skuløy.

G.nr. 7 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. **Etter eige vitende.**


B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Korkje Skav, Beit og Brom hev vore nytta til krøterfor i Haram, avdi heile øyrekka hev vore treberr. Det vesle som voks av lauvtre her og kvar, var so lite at det kunde ikkje verta til noko nauds- eller hjelpefor. Korleis det kunde vera med dette den tid storskogen klædde alle øyane her for hundradvis aar sidan er her ikkje segn eller ordspel um.

Derimot var tang, tare og fiskeavfall nytta som for i eldre tid. Um dette slag for var eg meint paa skriva um, men eg ser av fylgjeskrivet at det vert utsendt serskilde lister um desse forslagi, og daa let eg det vera no.

Med vyrdnad



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY